

Raskt vêrskifte

Alf Grønbrekk frå Steinsetbygda i Etnedal fortel at han aldri tidlegare har opplevd så raske vêrskifte som det var torsdag morgon.

Då han gjekk ut for å setja på motorvarmar om lag klokka sju om morgonen, var det 10 minusgrader. Halvanna time seinare var det stige til minus 4, og kvart over elleve då han ringde avisa, hadde det vorte + 2 grader.

Grønbrekk, som bur på om lag 850 meter over havet, fortel at det er vanleg at «linna» kjem fyrst i høgda. Og då han ringde til Bruflat for å høyre korleis temperaturane var der, fekk han høyre at der hadde det vore minus 14 på morgonen.

På veg ut av Gaza

Moren med fem barn fra Vang, som avisa omtalte i forrige uke, er blant de utenlandske statsborgerne som nå får hjelp til å komme seg ut av krigsområdet i Gaza. NRK meldte torsdag at de hadde vært i kontakt med familiefaren Hisham Abu Raya, som bekreftet at det var hans kone og barn som var på veg ut. Utenriksdepartementet kunne ifølge NRK ikke si når det er mulig å få alle over grensa, men ministerråd Tor Wennesland uttalte at uttransporteringene er risikofylte.

Nominert til Spellemanns- priser

Artistene Ingrid Olava, opprinnelig fra Lillehammer men med sterke aner i Valdres, er nominert både som årets nykommer og årets kvinnelige artist til Spellemansutdelingen. Hun konkurrerer med Ane Brun, Maria Mena og Marit Larsen. Bandet Katzenjammer, med Anne Marit Bergheim fra Vestre Slidre, er også nominert som nykommer sammen med Erlend Bratland og Ida Maria. Katzenjammer kom med sin debutplate «Le Pop» i fjor. Orkesteret Sogns, med et medlem bosatt i Etnedal, er nominert i kategorien for danseorkester. Spellemannsprisene deles ut i Oslo Spektrum 24. januar.

Lokal satsing på kulturminneåret

- SKRIV DITT EIGE BIDRAG

- No er vi i gang, seier kulturminne-konsulent i Valdres natur- og kulturpark, Katharina Sparstad.

Satsinga i Valdres er eit samarbeid mellom natur- og kulturparken, Valdresmusea AS og kommunane. Alle skular, barnehagar, kommunar og historielag

fekk i 2008 eit brev frå Valdres natur- og kulturpark med tilbod om ulike opplegg, og fleire har allereie kasta seg på. Dei planlagde tiltaka er delt i tre hovudelar med ulik organisering.

Vekas kulturminne

- Vi inviterer alle lag, foreiningar, kommunar og privatpersonar til å skrive ein liten snutt om eitt eller fleire kulturminne, slik at vi får det inn som «Vekas kulturminne» på www.Valdres.no gjennom heile

2009. Alle kan sjølv komme med forslag til tema dei vil skrive om. Artikkane blir fordelt ut over kvar laurdag heile året. Ved slutten av året blir artikkane samla i eit eige hefte. Førebels har det berre kome inn nokre artiklar, så her er det berre å ta pennen fatt, oppmodar Sparstad.

Fyrste artikkel vart lagt ut som vekas kulturminne laurdag 3. januar på www.Valdres.no og handla denne gongen om jolekort-tradisjonen.

I nærmiljøet

- Vi inviterer kommunar, skular, barnehagar, lag og foreiningar til å rydde og skilte opp ein kulturstig og/eller eit kulturminne i nærmiljøet. Stigen eller minnet skal vera lett tilgjengeleg for skule, barnehage eller frå tettstaden. Dei som deltek, kan få rettleiing om rydding, og Valdres natur- og kulturpark bidreg med skilt og informasjonstavler til dei som yn-

sker det. Det blir også gjeve økonomisk støtte til enkelte tiltak. Stigar som er brukt av mange og/eller ligg i nærleiken av tettbygde strok, blir prioritert, fortel kulturminnekonsulenten.

På vandring

Tiltaket «Valdres-ikon og kulturuttrykk på vandring» er berekna på ungdom. Dei skal då prøve å finne sitt eige valdresikon og grunnge dette i ord og bilete. Resultata blir hengt opp som eiga utstilling hos Valdresmusea AS.

- Elles har vi også planer om andre arrangement i løpet av året, men kva det blir får førebels vera ei overrasking, seier Sparstad.

Ho minner også om at det er mogleg å søke om støtte til tiltak i kulturminneåret.

- Søknadsfristen for dette er 1. mars, så det er ennå ikkje for seint, avsluttar Sparstad.



BIDRAG: - Vi inviterer alle lag, foreiningar, kommunar og privatpersonar til å skrive ein liten snutt om eitt eller fleire kulturminne, seier kulturminnekonsulent Katharina Sparstad. FOTO: Ola Onstad.



AKTIVE: Høre skule i Vang har allereie gått ute med GPS og målt inn sin eigen kulturstig. FOTO: Privat.

Rekordstor søknadsmasse

«Rydd et kulturminne» er Norsk Kulturarvs satsing i Kulturminneåret 2009. Nærmere 400 skoleklasser og ulike lag og for-

eninger har søkt om å delta i aksjonen.

- Norsk Kulturarv har fått 100 flere søknader enn ved for-

rige aksjon i 2007 og vi er svært glade for at så mange barn og unge ønsker å gjøre en innsats for kulturminnene våre i kultur-

minneåret, sier Inger-Lise Skarstein, styreleder i Norsk Kulturarv.

Viktig møte om E16

E16-alliansen og Ringerike Høyre arrangerer åpent møte om E16 tirsdag 13. januar. Det skjer på Comfort Hotel Ringerike om ettermiddagen.

- Sentrale spørsmålsstillinger vil blant annet være om dagens finanskrise kan føre til politisk prioritering av E16 og andre vegstrekninger i Buskerud, om Statens vegvesens prioriteringer hvis bevilgningsrammene utvides og nye finansieringsformer, sier Trond Hjerpseth på vegne av alliansen.

Samtidig som møtet represen-

terer «finalen» i den lokale innsatsen for å påvirke regjeringen til å prioritere E16, er det starten på en intens påvirkning av Stortinget i forbindelse med deres behandling av meldingen om Nasjonal transportplan 2010 - 2019.

- Landet over mobiliseres det nå for å sikre prioritering av «sin» vegstrekning. For å lykkes i å få E16 høgt opp på listen, må vi være best i påvirkningsarbeidet. Det er utfordringen, sier Hjerpseth, som etterlyser deltakelse

fra Valdres på møtet tirsdag.

Arrangørene inviterer lokalpolitikere og representanter for næringslivet i både Hallingdal, Valdres, Ringerike, Hole og Asker og Bærum. E16-alliansen og Ringerike Høyre har et særlig håp om at de inviterte fra Hallingdal og Valdres sier ja til innbydelsen.

- Uansett hvor man bor, er begge dalførene tjent med en ny E16 Sandvika - Hønefoss, påpeker Trond Hjerpseth.

Nasjonalforeningen for folkehelsen

Har du spørsmål om demens?

Så du demenskonserten på tv2?
Vil du vite mer om demens?

815 33 032
Demenslinjen - hjelper deg!

Epost: demenslinjen@nasjonalforeningen.no